

Stryn kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 23.01.2015
Møtestad: Stryn kommunehus, møterom 3042
Møtetid: Kl. 10:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet. Revisor i sak 003/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 23.1.2015
003/15	Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap
004/15	Årsmelding 2014 - Stryn kontrollutval
005/15	Møteplan 2015 for Stryn kontrollutval
006/15	Oppfølgingsliste 1- 2015
007/15	Eventuelt

Med helsing

Rune Myklebust
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 001/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/42
---	----------------------	------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 002/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/348
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 23.1.2015

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.01.2015	KS-079 Rekneskapsrapport 2. tertial 2014 - Stryn kommune, handsama 20.11.2014.doc	1017
15.01.2015	2. tertialrapport 2014 Stryn kommune.pdf	1018
15.01.2015	KS-084.14 Forvaltningsrevisjonsrapport - Bekymringsmeldingar i barnevernet, handsama 20.11.2014	1307
15.01.2015	KS-111.14 Godkjenning av budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018, handsama 18.12.2014	1308
15.01.2015	Fylkesmannen sin tilsynsrapport Folkehelsetilsyn i Stryn kommune, datert 10.12.2014	1310
12.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	1274
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 165/14	Formannskapet	29.10.2014
KS 079/14	Kommunestyret	20.11.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 13/382 -13

Ark. 210

Sakshandsamar: Randi Rørvik Lillestøl

Rekneskapsrapport 2. tertial 2014 - Stryn kommune

Presentasjon:

Rekneskapsrapport for 1. tertial 2014 vert lagt fram til formannskapet og kommunestyret til orientering.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Økonomiplan for perioden 2014 - 2017

Budsjettvedtak for 2014

Kommunelova

Økonomireglementet for Stryn kommune

Vedlagt saka:

- 2. tertialrapport perioden 01.01.14 - 31.08.14

Ikkje vedlagt:

- Saldoliste for 2.tertial, perioden 01.01.2014 – 31.08.2014

Saksopplysningar:

Formålet med rapporteringa er å gje politkarane ei oversikt på korleis sektorane og avdelingane klarer å halde dei økonomiske rammene for dei 8 første månadane i 2014. Rapporten inneheld også oversikt over tiltak som er med i ØPL 2014-17 med framdrift og økonomiramme.

Vurdering:

Viser til rådmannen sin kommentar i tertialrapporten. Rapporten for 2. tertial viser at vi har god kontroll på utgift og inntektssida, og organisasjonen viser god budsjett disiplin. Rapporten krev ingen vidare tiltak for balanse i budsjettet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rapporten blir teken til vitande.

Handsaming i Formannskapet 29.10.2014.

FO-165/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 20.11.2014.

KS-079/14 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Etatane
Revisjonen
Rådmannsavdelingane
Kontrollutvalet



STRYN KOMMUNE

2. TERTIALRAPPORT
PERIODEN

01.01.14 - 31.08.14

Innhald

1. Rådmannen sine kommentarar og overordna vurdering av status pr. 2. tertial 2014	2
2. Skule- og kulturetaten	3
3. Helse- og sosialetaten	4
4. Teknisk etat.....	6
5. Sentraladministrasjonen.....	7
5.1 Plan og næringsavdeling.....	7
5.2 Bygg- og eigedomsavdeling	8
5.3 Personal og arbeidsmiljøutval	8
5.4 Servicekontoret.....	9
5.5 Rådmannsavdeling.....	9
5.6 Økonomiavdeling og IKT.....	10
5.6.1 Nordfjord nett (IKT Nordfjord prosjekt)	10
5.7 Skattar, rammetilskot og finans	11
5.8 Diverse andre tenester	13
6. Oppfølging tiltak med i ØPL 2014-17	14
6.1 Tiltak i helse- og sosialsektoren	14
6.2 Tiltak i skule- og kulturetaten.....	16
6.3 Tiltak i teknisk etat	17
6.4 Tiltak i bygg- og eigedomsavdeling	20
6.5 Tiltak i servicekontoret/administrasjonsavdeling	21
6.6 Tiltak i plan- og næringsavdeling.....	21

1. RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR OG OVERORDNA VURDERING AV STATUS PR. 2. TERTIAL 2014

Tertialrapporten er kommunen sin tilstandsrapport per 31.08.2014. Rekneskapen er vurdert mot årets budsjett.

Formålet med rapporten er å gje politikarane ei oversikt på korleis sektorane og avdelingane klarer å halde dei økonomiske rammene som er gitt for dei 8 første månadane.

Tertialrapportane saman med årsrekneskapen utgjer dei rekneskapsrapportane kommunestyret skal handsama i løpet av eit år.

I 1.tertial rapport 2014 blei det avdekka ei underdekning på kr. 3 191 000,-, derav kr. 3 020 000,- på grunn reduserte inntekter i skatt og rammeoverføringar. Som eit resultat av 1. tertial rapport blei det utarbeida ei budsjettreguleringssak (KS-052/14) med vedtak om å belaste disposisjonsfond kr. 2 828 000,-. Ein var den gongen klar over at dette vil auke dei økonomiske utfordringane for 2015 og seinare, men talgrunnlaget som vi no kjenner for økonomiplanen for 2015 – 18 viser at dei disposisjonane som vart gjorde med grunnlag i den 1. tertialrapporten kan innarbeidast i framhaldet utan at det gjev store utslag.

Rapporten for 2. tertial viser at vi har god kontroll på utgift og inntektssida, og organisasjonen viser god budsjettdisiplin. Trass i nokre utfordringar er det ikkje grunnlag for å gjennomføre budsjettendringar på kommunestyrenivå med utgangspunkt i denne tertialrapporten.

Ein føresetnad for god økonomisk kontroll framover er budsjettdisiplin i alle ledd. Så langt må denne seiast å vere god, men det visast nitid merksemd kring forbruk i høve til budsjett dagleg framover.

2. SKULE- OG KULTURETATEN

Målet med denne rapporten er å gje politikarane ei oversikt på korleis sektoren ligg økonomisk etter dei første åtte månadane i 2014. Med jamt fordelte inntekter og utgifter vil forbruket etter åtte månader tilsvare 66, 67%. Lønskostnadane er ikkje justert for tariffoppgjeret per 1. mai 2014.

Vedlagt er saldoutskrift som viser brutto utgifter og inntekter.

Skule og kultur sektoren	Budsjett 2014	Rekneskap per 31.08.2014	Forbruk %
Løn	151.195.300	95.775.259	63
Andre utgifter	30.436.900	17.747.278	58
Inntekter	33.021.700	-23.974.343	73
Netto drift	148.610.500	89.548.194	60

Løn på ca 63 % av årssum - tilsvarende 7/11 av årsbudsjettet ville utgjere 64%. Budsjettet er ikkje konsekvensjustert for tariffoppgjeret per 01.05.14, men utgiftene vil heller ikkje bli ført før i september/oktober. Det er brukt forholdsvis lite ekstrahjelp og vikarar ved sjukdom. Skulane har lite vikarbudsjett.

Budsjetterte utgifter per 31.08 ligg på 58 % av årsbudsjettet. Med nokolunde lik fordeling av innkjøp gjennom året ville det på same tid ha vore bokført 66 %, men innkjøp i skule og barnehage vert gjerne gjort ved oppstart av nytt skule- og barnehageår, og det har noko i liten grad komme med her. Utgifter innan i sektoren vert heller ikkje ført før ved årsskifte.

Inntektene er høgare enn budsjettet. Dette kjem av auka refusjonar av sjukepengar og refusjonar frå fødselspermisjonar. Vidare er det betre billettinntekter på kino og auka sal i kulturhuset. Kommunen har og fått auka tilskot frå staten knytt til styrka barnehagetilbod.

Brukarbetalte tenester (barnehage og SFO) er i rute.

3. HELSE- OG SOSIALETATEN

Føremålet med rapporteringa er å gje politikarane eit bilete av korleis sektoren klarer å halde dei økonomiske rammene etter dei 8 første månadane i 2014. Dersom inntekter og utgifter fordelte seg jamt gjennom året, ville 8 månaders forbruk utgjere 66,67 %.

Budsjettet er ikkje konsekvensjustert etter tariffoppgjør pr. 1. mai 2014, men endra løn vert heller ikkje belasta før i september.

Samla oversikt viser:

Heile sektoren	Rekneskap pr. 01.09.2013	Budsjett 2014	Rekneskap pr. 01.09.2014	Forbruk i % 01.09.2014
Brutto utgifter	126 563	206 612	130 365	63 %
Brutto inntekter	-30 824	-54 580	-35 973	66 %
Netto drift	95 739	152 032	94 392	62 %

Kommentar til saldoutskrift:

- Inntekter ligg høgare enn budsjett. Det kjem av ekstra overføringar/tilskot frå staten td. tilskot til ruskonsulent og stilling i barnevernet, i tillegg kjem refusjonar på sjukepengar og fødselspengar.
- Pleie og omsorg har erfaringsmessig problem med å halde budsjettet for vikarar. Dette er naturleg konsekvens ved høgt sjukefråvær. Særleg ved Stryn omsorgssenter har auka sjukefråvær i 2014, medan Viakne og tenestene for funksjonshemma har gledeleg reduksjon.. Vikane omsorgssenter har nytta vikarbyrå for å dekke opp trongen for svangerskapsvikarar for fleire sjukepleiarar som er ute i permisjon. Utbetaling av overtid har auka med innføring av RS fordi alt som går ut over regelendring for arbeidstid utløyser slik betaling. Det er relativt lite overtid i Vikane, men trong for tiltak i Stryneområdet og tenestene for funksjonshemma.
- Det kan bli vanskeleg å nå inntektsposten for vederlag for opphald på institusjon grunna regelendring frå 01.07.14 når det gjeld betaling for langtidsopphald på dobbeltrom samstundes med stram prioritering for å få vekk overbelegget under utbyggingsperioden ved Stryn omsorgssenter.
- Utgifter til medfinansiering for sjukehusbehandling for somatisk sjukdom vil bli større enn budsjettet på grunnlag av auka forbruk.
- Utgifter til interkommunale tenester vert ikkje belasta før ved årsavslutning, men kostnaden ved legevaktteneste vil bli større enn budsjettet
- Kvalifiseringsstønad og økonomisk sosialhjelp til flyktningar syner overforbruk
- Netto drift viser forbruk på 62 % av budsjett som i utgangspunktet tyder på bra samsvar, men ein del utgiftspostar og inntekter aukar i 2. halvår.
- Det er knytt uvisse til kva som vert dei endelege pensjonskostnadene.

Forklaring på dei større kostnadsoverskridingane går fram av vedlagde notat som vart laga i samband med sak som skal til kommunestyret: Budsjettregulering 1.

Den største utfordringa i sektoren er personalkostnadene i pleie- og omsorgstenestene. Pr 31.08.14 har vi følgjande tal for lønsutgifter:

- | | | |
|----------------------------|-------|------|
| • Institusjonsteneste | netto | 64 % |
| • Heimesjukepleie | netto | 62 % |
| • Heimehjelp | netto | 57 % |
| • Heimate. for funksjonsh. | netto | 65 % |

Det gjenstår ein god del ferievikarutgifter i pleie og omsorg for ferieavvikling i august og resten av året.

Helse- og sosialsektoren slit med å halde budsjettråmene og då spesielt innan pleie- og omsorg sjølv om det er stort fokus på økonomisk disiplin og kontroll. Det er mange faktorar som fører til auka kostnadar, for mange av desse har sektoren relativt liten styring på utviklinga.

Difor var det vanskeleg å innfri bestillinga frå rådmannen om budsjettkutt i 2014 med få månader igjen av driftsåret. Storleiken på integreringstilskot for busetting av flyktningar (inkl. fleire familiegjenforeningar enn føresett), vil kunne kompensere for meirutgiftene i år, men det vert store utfordringar ved budsjetthandsaminga for komande år, om ikkje inntektsutsiktene endrar seg.

4. TEKNISK ETAT

Rekneskapen for perioden 01.01.2014 – 31.08.2014 viser følgjande hovudtal for teknisk etat.

Utgifter/inntekter:	Budsj. 2014	Rekneskap pr. 31.08.2014	Forbruk %
Løn	15.848.800,-	9.187.542,-	58%
Andre utgifter:	29.928.500,-	14.574.879,-	49%
<u>Inntekter:</u>	<u>-24.406.500,-</u>	<u>-12.211.338,-</u>	<u>50%</u>
Netto drift:	21.370.800,-	11.551.083,-	54%

Av eit totalt budsjett på 21.370.800,- viser rekneskapen 31.08.2014 kr. 11.551.083,- eit forbruk på 54%. Dersom inntekter og utgifter fordelte seg likt over året, vil forbruk for 2. tertial 2014 utgjere 66,7 %.

Ein del utgifter blir ikkje fordelt før på slutten av året, dette gjeld husleige, lønsfordeling og felles kontorutgifter m.m.

Oversikten nedanfor viser forbruket på dei ulike tenesteområde pr. 31.08.2014 sett i høve til disponible midlar.

Sjølvkostområda er ikkje teke med i oppstillinga.

Teneste	Driftsutgifter 2014			Driftsinntekter 2014		
	Kr.	Budsjett	%	Kr.	Budsjett	%
Folkevalde organ	55.269,-	139.700,-	40	-	-	0
Administrativ leining	1.222.839,-	2.031.900,-	60	343.927,-	1.348.800,-	26
Interne serviceeiningar	1.885.474,-	3.058.600,-	62	1.501.989,-	3.058.600,-	49
Eigedomsskattekontor	347.463,-	436.600,-	80	-	-	
Kart- og oppmåling	499.930,-	908.100,-	55	36.373,-	206.500,-	18
Byggesak	1.023.246,-	1.838.600,-	56	544.401,-	943.800,-	58
Spesielt brannsyn	430.789,-	835.900,-	52	-	-	
Brannvesen	2.548.630,-	4.697.200,-	54	145.115,-	227.600,-	54
Beredskap mot akutt forureining	54.673,-	56.600,-	97	-	-	
Kommunale vegar	6.442.575,-	13.321.500,-	48	839.288,-	921.000,-	91
Parkeringsplassar	45.588,-	42.200,-	108	-	-	
Gatelys	395.378,-	565.200,-	70	-	-	
Parkar og grøntanlegg	333.726,-	435.100,-	77	28.006,-	149.600,-	19
Offentleg plassar og torg	6.995,-	11.500,-	61	6.088,-	9.300,-	65

Ved gjennomgang av dei ulike tenesteområde ser vi at forbruket varierer. Tenesteområde 33310 kommunal vegar viser eit forbruk på 48 % og dette skriv seg frå sparte kostnader med vegvedlikehald vinter. Gatelys ligg litt over periodisert budsjett og det er straumutgifter som her gjer utslaget. Samanliknar vi med rekneskapen for 2013 som viste straumutgifter til gatelys på kr. 535.099,- blir det vanskeleg å halde seg innanfor ramma for 2014.

På tenesteområde eigedomsskattekontor ligg forbruket på 80 % som har si årsak i at vedlikehaldsprisen på Komtek har auka med heile 62,5 %. Dette var ikkje teke med i budsjettet.

Parkeringsplassar ligg forbruket på 108 %. På dette tenesteområde er det stort sett avskrivningar som blir ført og desse er bokført for 2014.

Parkar og grøntanlegg viser eit forbruk på 77 %. Mesteparten av utgiftene på dette tenesteområde er bokførte i sommarmånadane.

Det vert arbeidd aktiv vidare med å halde seg innanfor dei vedtekne rammer.

5. SENTRALADMINISTRASJONEN

5.1 Plan og næringsavdeling

Rekneskapen for perioden 01.05.2014 – 31.08.2014 viser følgende tal for plan- og næring:

Område	Utgifter/Inntekter	Rekneskap	% av budsj.	Budsjett 2. tert.	Budsjett 2014
Teneste: 30110 PLANSAKHANDSAMING	Løn	386 719,93	51,55	500 133,36	750 200,00
	Andre utgifter	682 297,96	40,98	609 733,36	1 664 800,00
	Inntekter	-204 582,19		-166 666,64	-250 000,00
	Netto drift	864 743,50		943 200,08	1 414 800,00
Teneste: 32510 NÆRINGSUTVIKLING	Løn	151 498,12	53,91	187 333,36	281 000,00
	Andre utgifter	120 030,57	54,31	147 333,36	221 000,00
	Inntekter	-857,69		-13 333,36	-20 000,00
	Netto drift	119 172,88		134 000,00	201 000,00
Teneste: 32531 NÆRINGSFOND	Utgifter	681 100,00		773 333,36	1 160 000,00
	Inntekter	-967 537,00		-773 333,36	-1 160 000,00
	Saldo	-286 437,00		0,00	0,00
Teneste: 32532 KRAFTFOND (KOMPENSASJONSFOND)	Utgifter	350 245,50		470 000,00	705 000,00
	Inntekter	0,00		-470 000,00	-705 000,00
	Saldo	350 245,50		0,00	0,00
Teneste: 32910 LANDBRUKSFORVALTNING	Løn	696 447,61	63,13	735 466,64	1 103 200,00
	Andre utgifter	927 807,07	58,68	1 054 000,00	1 581 000,00
	Inntekter	-792 866,19		-545 600,00	-818 400,00
	Netto drift	134 940,88		508 400,00	762 600,00
Teneste: 36000 NATURFORVALTNING OG FRILUFT	Løn	186 417,49	64,42	192 933,36	289 400,00
	andre utgifter	66 648,34	31,38	141 599,92	212 400,00
	Inntekter	-1 658,50		-8 000,00	-12 000,00
	Netto drift	64 989,84		133 599,92	212 400,00

Vurdering:

Ved gjennomgang av dei enkelte tenestekområda viser rekneskapsrapporten at forbruket er ajour i høve til budsjettet.

5.2 Bygg- og eideomsavdeling

Oppsettet viser forbruk, budsjett og % -vis forbruk for dei største tenestene, samt totalforbruk.

TENESTE	FORBRUK	BUDSJETT	% FORBRUK
12110 Forvaltning	1.005.365,-	1.283.500,-	78 %
13000 Adm.lokale	979.302,-	2.285.800,-	43 %
19011 Vaktm.teneste	2.419.204,-	3.766.300,-	64 %
19015 Reinh.teneste	4.692.277,-	7.129.800,-	66 %
22110 Førskulelokale	1.165.093,-	3.896.000,-	30 %
22210 Skulelokale	5.074.997,-	13.772.400,-	37 %
26100 Butilbod inst.	2.746.852,-	5.204.600,-	53 %
26200 «- utafor inst.	734.087,-	1.673.200,-	44 %
26300 Sosiale bust.	578.942,-	1.226.100,-	47 %
33530 Off.toalett	160.997,-	390.800,-	41 %
32520 Drift av utleige	358.769,-	812.400,-	44 %
Totalbudsjett 1170	20.360.374,-	31.948.700,-	64 %

5.3 Personal og arbeidsmiljøutval

5.4 Servicekontoret

		Budsjett	Rekneskap	%-
		2014	2014	forbruk
Ansvar:	1190 SERVICEKONTORET			
Teneste:	12092 FELLEES SERVICEKONTOR			
	FASTLØN - KOMM. REGULATIV	2 403 200	1 448 871,72	60
	Sum utgifter	3 362 800	2 138 425,19	64
	Sum inntekter	-546 900	-40942,65	7
	Sum ansvar: 1190 SERVICEKONTORET	2 815 900	2 097 482,54	74

Kommentar: Avvik:

	Budsjett	Rekneskap	Forbr.	
Anna kontormateriell	8 000	48 050,81	601 %	Utgiftene blir fordelt pr sektor ved årets slutt.
It-utstyr	5 100	21 337	418 %	Kjøp av utstyr/tilbehør til produksjon av id kort kr 19400
Driftsavtaler	5 900	32 800,80	556 %	Kr 28.500 er faktura for 2013.

5.5 Rådmannsavdeling

Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	% forbruk
1110 Sentraladm./sjefskontor	2 334 765	3 866 600	1 531 835	60,4 %
Sum Teneste 12010 Adm.leiing	1 251 152	2 106 500	855 348	59,4 %
Fastløn - komm. regulativ	838 070	1 411 600	573 530	59,4 %
Sum Teneste 12099 Andre fellestenester	323 421	330 000	117 579	64,4 %
Sum Teneste 19101 Tinglysningsservice	-4 405	0	4 405	-
Sum Teneste 28580 Sivilforsvar	0	15 300	15 300	0 %
Sum Teneste 38024 Idrettsanlegg	0	0	0	-

Kommentar: Ajour i forhold til budsjett.

5.6 Økonomiavdeling og IKT

	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.)
Ansvar: 1120 Økonomiavdeling			
Teneste: 12020 Rekneskap/skatt			
10110 Fastløn - komm. regulativ	2.084.328,08	3.454.100,00	1.369.771,92
Sum utgifter	3.243.976,77	5.186.300,00	1.942.323,23
Sum inntekter	-321.658,86	-1.137.400,00	-815.741,14
Sum teneste: 12020 Rekneskap/skatt	2.922.317,91	4.048.900,00	1.126.582,09
Teneste: 12091 IKT			
Sum utgifter	1.746.257,00	4.348.900,00	2.602.643,00
Sum inntekter	-155.203,42	-515.000,00	-359.796,58
Sum teneste: 12091 IKT	1.591.053,58	3.833.900,00	2.242.846,42
<i>Kommentar:</i> Har fått a-kontofaktura frå Nordfjordnett for drift januar-juni.			
Sum ansvar: 1120 Økonomiavdeling	4.513.371,49	7.882.800,00	3.369.428,51

5.6.1 Nordfjord nett (IKT Nordfjord prosjekt)

Ansvar: 1120 Økonomiavdeling

Teneste: 29011 Kommunenett nordfjord			
Sum utgifter	3.321.508,25	0,00	-3.321.508,25
Sum inntekter	-646.527,25	0,00	646.527,25
Sum teneste: 29011 Kommunenett nordfjord	2.674.981,00	0,00	-2.674.981,00
Teneste: 29012 Fellesprosjekt IKT			
Sum utgifter	27.785,18	0,00	-27.785,18
Sum inntekter	-13.017,18	0,00	13.017,18
Sum teneste: 29012 Fellesprosjekt IKT	14.768,00	0,00	-14.768,00
Sum ansvar: 1120 Økonomiavdeling	2.689.749,00	0,00	-2.689.749,00

Kommentar: Desse går ut i 0,- då det skal fordelast på dei deltakande kommunane ved rekneskapsavslutning/prosjektavslutning.

5.7 Skattar, rammetilskot og finans

	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.)
Ansvar: 8000 Skattar, rammetilskot og finan			
Teneste: 17099 Premieavvik			
Sum teneste: 17099 Premieavvik	0,00	-9.066.000,00	-9.066.000,00
<i>Kommentar:</i> Dette blir ikkje postert før seinare på året.			
Teneste: 31030 Tilskot og formidlingslån fr			
Sum utgifter	284.392,99	648.500,00	364.107,01
Sum inntekter	-207.964,47	-648.500,00	-440.535,53
Sum teneste: 31030 Tilskot og formidlingslå	76.428,52	0,00	-76.428,52
Teneste: 32000 Kommunal næringsverksemd			
Sum teneste: 32000 Kommunal næringsverks	0,00	-29.000,00	-29.000,00
Teneste: 80000 Skatt på inntekt og formue			
Sum teneste: 80000 Skatt på inntekt og form	-92.590.774,25	-146.904.000,00	-54 313.225,75
<i>Kommentar:</i> I samsvar med føresetnadane i revidert statsbudsjett som vart lagt fram i mai er budsjettert inntekt redusert med kr. 3.471.000,- i høve opprinneleg budsjett, j.f. KS-052/14.			
Teneste: 81000 Eigedomsskatt			
Sum teneste: 81000 Eigedomsskatt	-5.426.842,00	-10.500.000,00	-5.073.158,00
<i>Kommentar:</i> Ligg godt an på budsjett (meirinntekt på ca 850.000,-), då det er halvårlige terminar.			
Teneste: 84000 Rammetilskot og generelle statstilskot			
Sum teneste: 84000 Rammetilskot og generelle	-158.729.551,00	-232.284.200,00	-74.005.649,00
<i>Kommentar:</i> I samsvar med føresetnadane i revidert statsbudsjett som vart lagt fram i mai er budsjettert inntekt auka med kr. 451.000,- i høve opprinneleg budsjett, j.f. KS-052/14.			
Teneste: 85000 Statstilskot flyktningar og			
Sum utgifter	0,00	9.759.100,00	9.759.100,00
Sum inntekter	-8.664.632,00	-14.397.000,00	-5.732.368,00
Sum teneste: 85000 Statstilskot flyktninga	-8.664.632,00	-4.637.900,00	-4.026.732,00
Teneste: 86010 Avskrivningar kostra			
Sum teneste: 86010 Avskrivningar kostra	-11.346.384,00	-14.833.000,00	-3.486.616,00

Teneste: 87000 Renter/lån

Sum utgifter	17.881.311,95	35.720.600,00	17.839.288,05
Sum inntekter	-252.987,20	-7.900.000,00	-7.647.012,80
Sum teneste: 87000 Renter/lån	17.628.324,75	27.820.600,00	10.192.275,25

Kommentar: Rentene og avdraga blir betalt med ulike terminforfall og difor ikkje likt fordelt på månadane i året. Så langt er det ikkje noko som tilseier at det er avvik på renter og avdrag. I tillegg blir utbytte ikkje postert før ved betaling i løpet av 2. halvår.

	Regnskap	Buds(end) 2014	Avvik(per.) 2014
Teneste: 87090 Kalkulatoriske renter			
Sum teneste: 87090 Kalkulatoriske renter	0,00	-382.400,00	-382.400,00

Kommentar: Kalkulatoriske renter (sjølvkostområda) blir førde i samband med rekneskapsavslutning.

Teneste: 88000 Interne finansieringstransaksjonar

Sum utgifter	0,00	14.758.700,00	14.758.700,00
Sum inntekter	0,00	-13.892.700,00	-13.892.700,00
Sum teneste: 88000 Interne finansieringstransaksjonar	0,00	866.000,00	866.000,00

Kommentar: Avsetting til og bruk av fond blir ikkje ført før i siste tertial.

5.8 Diverse andre tenester

Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	% forbruk
1010 Politisk styring	1 377 539	2 272 200	894 661	60,6 %
Teneste 10011 Folkevalde organ	1 374 592	2 272 200	897 608	60,5 %
Godtgjersle ordførar/varaordførar	527 422	777 900	250 478	67,8 %
Teneste 10013 Val	2 947	0	-2 947	-

Kommentar: Godt innan for budsjett

1020 Kontrollorgan	150 504	986 900	836 396	15,3 %
Teneste 11010 Revisjon	0	748 100	748 100	0 %
Teneste 11020 Kontrollutval	150 504	238 800	88 296	63 %

Kommentar: Kontrollutval faktureras kvart kvartal og her er 1. – 3. kvartal betalt. Faktura frå revisjon ikkje mottatt/belasta.

1180 Ymse tenester	88 012	45 800	-42 202	192,1 %
Teneste 31020 Utbyggingsområde Festeavgift	52 482	15 700	-36 782	334,3 %
Teneste 32590 Anna tilrettelegging Festeavgift	37 854	34 900	-2 954	108,5 %
Teneste 32590 Idrettsanlegg Festeavgift	-2 334	-4 800	-2 466	48,6 %

Kommentar: Dette er festeavgifter som blir betalt ut og krev inn av Stryn kommune. Dette fordeler seg ulike gjennom året og mange har ein termin pr. år, og kjem difor ikkje riktig ut i ein tertialrapport.

1800 Kyrkjeformål	2 708 000	4 582 100	1 874 100	59,1 %
Teneste 39000 Kyrkjeleg adm.	755 000	1 074 200	319 200	70,3 %
Teneste 39100 Kyrkjer	1 700 000	2 095 500	395 500	81,1 %
Teneste 39200 Andre religiøse formål	0	255 000	255 000	0 %
Teneste 39300 Kyrkjegardar	253 000	1 169 900	916 900	21,6 %

Kommentar: Stryn kyrkjelege fellesråd måtte søke om tilleggsløyve på kr. 319.154,- for å få budsjettet 2014 i balanse.

1980 Tilfeldige inntekter og utgifter	47 963	46 200	-1 764	103,8 %
Teneste 18019 Andre fellesutgifter	47 963	46 200	-1 764	103,8 %

Kommentar: Budsjett litt overskrida for heile 2014.

6. OPPFØLGING TILTAK MED I ØPL 2014-17

Vidare følger ei oversikt over dei ulike tiltaka som blei vedtatt i økonomiplanen 2014-17. Dette for å få ein betre oversikt over både framdrift og kontroll på økonomien i dei ulike tiltaka.

6.1 Tiltak i helse- og sosialsektoren

Status pr 13.10.14- tiltak med i ØPL 2014-2017

Dei 4 siste tiltaka i oversikten nedanfor vart ved ein feil ikkje omtalt ved 1. tertialrapportering.

Tiltak nr	Tiltak	Årskostnad drift	År	Status
32002	Større, evt. nytt helsesenter	330 000	2015	Anbudsrunde avlyst. Nytt tilbud ut hausten 2014. Truleg 1 års utsetting til 2016.
34044	9 samlokaliserte bustader	110 000	2016	Anbudsrunde avlyst. Nytt tilbud ut hausten 2014.. Avhengig av vinnar,- kan det bli noko tidsforskyving
34045	40 plassar ved Stryn omsorgssenter	290 000 8 738 400 11 094 800	2015 2016 2017	Er i rute. Reknar med full drift frå juni 2016. Rente-og avdragsutgiftene kjem for fullt frå 2017.
34067	Oppvaskmaskin Vikane omsorgssenter	40 000	2014	Er på plass. Kjøp innfor kostnadsråma
72029	0,3 årsv. fysioterapeut	41 900 100 600	2014 2015	Fysioterapeut i 50 % st. vart auka til 80 % st. f.o.m. 01.08.14 som føresett
72031	60 % st. helsesyster	147 000 352 900	2014 2015	Det er oppretta ny 60 % st. kom i funksjon i mai 2014. Årskostnad etter gamal tariff er rett for 60 % st., men det har vore ei mistyding. Komst. sitt vedtak seier auke på 40 % st (dvs. ut over dei nye 20 % som alt var lagt inn i budsjettet som følge av vedtak knytt til Prosjekt 2013 grunna større mottak av flyktningar). I tillegg har den tilsette lågare ansiennitet enn budsjettet og dermed lågare løn. Dvs. at rette kostnadstala inkl. konsekvens av sentralt tariffoppgjer vert : 2014: kr. 123 300 og 2015: kr. 206 000 (etter justering for lønsoppgjer 2014)

Tiltak nr	Tiltak	Årskostnad drift	År	Status
72042	Videoklient legetenesta	33 500 11 600	2014 2015 og vidare	Utstyret vil bli kjøp før året er omme, men har stått på vent til det tekniske er på plass Jfr brannmurer og kapasitetsvanskar i Nordfjordnett.
74127	Videokonferanseutstyr Vikane omsorgssenter	27 500	2014 og vidare	Vi har fått utstyret av Lokalsjukehusprosjektet, så vi slipp å betale leige for utstyret, men må betale lisens til Norsk helsenett med kr. 11 940 + mva pr år
74129	Avtrekk – medisinblanding-Fiolen/Stryn omsorgssenter	60 000		Investeringa vert ikkje gjennomført, jfr. utbygging av omsorgssenteret og nytt medisinrom som innfrir krava. Dette var eit tiltak i regi av avd. for bygg og vedlikehald.
76079	Sysselsetting sommar / flyktningar	66 200		Gjeld tiltak for å sikre innhald i introduksjonsprogrammet på sommaren, med reinhaldsarbeid. Gjennomført. Midlane vert strekt ei tid ut over hausten for å sikre fulltids program.

For endringar i helse-og sosialbudsjettet, vert elles synt til 2 saker for kommunestyret: KS-053/14 + KS-054/14.

6.2 Tiltak i skule- og kulturetaten

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
22057	NY BUSSTERMINAL / ERSTATTE BØAGRENDEN / ADM.AVD					
Investering	15.307.000	0	0	0	15.307.000	15.307.000
Drift utgift	0	821.000	807.000	794.000	2.422.000	3.203.000
Drift inntekt	0	0	0	0	0	0
Finansiering	15.307.000-	0	0	0	15.307.000-	15.307.000-
Sum	0	821.000	807.000	794.000	2.422.000	3.203.000

Kommentar: Utbygginga vert starta opp hausten 2014.

22077	TONNING SKULE - UTBYGGING TIL 3 PARALELLAR					
Investering	0	0	375.000	31.250.000	31.625.000	40.000.000
Drift utgift	0	0	0	0	0	4.304.900
Drift inntekt	0	0	0	0	0	0
Finansiering	0	0	375.000-	31.250.000-	31.625.000-	40.000.000-
Sum	0	0	0	0	0	4.304.900

Kommentar: Ikkje aktuelt før 2016

26062	OPPSTRYN SKULE/BARNEHAGE - NÆRMILJØANLEGG					
Investering	312.500	0	0	0	312.500	312.500
Drift utgift	0	0	0	0	0	0
Drift inntekt	0	0	0	0	0	0
Finansiering	312.500-	0	0	0	312.500-	312.500-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Arbeidet startar opp sommaren 2014, og vert ferdig hausten 2014.

6.3 Tiltak i teknisk etat

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
81032	NN 2000 - NYTT REFERANSESYSTEM FOR HØGDEDATA					
Drift utgift	67.500	0	0	0	67.500	67.500
Drift inntekt	13.500-	0	0	0	13.500-	13.500-
Sum	54.000	0	0	0	54.000	54.000

Kommentar: Prosjektet er styrt av Statens kartverk, NN2000 er ikkje innført i Stryn kommune enno, ein har ikkje motteke faktura eller varsel om budsjettoverskriding. Planlagt ferdig 31.jan.2015.

84010	NETTANALYSE STRYN VASSVERT INKL. UTSPYLINGSPLAN					
Drift utgift	400.000	0	0	0	400.000	400.000
Drift inntekt	400.000-	0	0	0	400.000-	400.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Nettanalyse har vore ute på anbod og ein har fått inn tre tilbod. Har signert med Cowi. Arbeidet har starta og ein forventar å halde budsjett.

85004	ENDRING OVERVATN TIL AVLØP					
Drift inntekt	125.000-	125.000-	125.000-	125.000-	500.000-	500.000-
Sum	125.000-	125.000-	125.000-	125.000-	500.000-	500.000-

Kommentar: Endring er utført i budsjett.

86048	REHAB. AV VEGAR SOM SKAL NEDKLASSIFISERAST					
Drift utgift	400.000	0	0	0	400.000	400.000
Drift inntekt	400.000-	0	0	0	400.000-	400.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Det er vedteke å nedklassifisere 5 vegar ut av totalt 15 som stod på lista for nedklassifisering, vedtak 21.mai.14. Ein forventar derfor at budsjettet skal halde. Rehabilitering pågår. Overdraging ca. veke 43.

88011	NYTT NØDNETT					
Investering	0	0	0	0	0	0
Drift utgift	207.500	312.500	312.500	312.500	1.145.000	1.145.000
Drift inntekt	31.500-	62.500-	62.500-	62.500-	219.000-	219.000-
Finansiering	0	0	0	0	0	0
Sum	176.000	250.000	250.000	250.000	926.000	926.000

Kommentar: Prosjekt er forsinka. Forventar ikkje utgift før i 2015.

43029	BUSTADFELT HOL					
Investering	2.000.000	0	0	0	2.000.000	2.000.000
Finansiering	2.000.000-	0	0	0	2.000.000-	2.000.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Nordplan fekk tilslag på anbodskonkurranse for regulering av bustadområde, og oppstart av planarbeid er offentleggjort. Prosjektet går over to år og ein veit på noverande tidspunkt ikkje om det vil holde budsjett. Inneverande år er reguleringsprosess tenkt gjennomført. Komande år vil ein opparbeide tomter for sal.

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
44043	VEG OG 500 KBM HØGDEBASSENG - STRYN MILJØ- OG NÆRINGS-PARK					
Investering	6.500.000	0	0	0	6.500.000	6.500.000
Drift utgift	0	1.235.000	1.205.800	1.176.600	3.617.400	3.617.400
Drift inntekt	0	1.235.000-	1.205.800-	1.176.600-	3.617.400-	3.617.400-
Finansiering	6.500.000-	0	0	0	6.500.000-	6.500.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Prosjektet er ute på anbud. Grunna utviding av industriområde i forbindelse med kommuneplanarbeid har ein måtte omprosjekttere. Prosjektet vil sannsynlegvis ikkje bli ferdig i 2014. Ein reknar med det vil halde seg innanfor budsjett.

44046	LOEN VASSVERK - OPPGRADERING AV TJUGEN MED 2 HYGIENISKE BARRIERER					
Investering	2.730.000	0	0	0	2.730.000	2.730.000
Drift utgift	0	453.200	444.200	435.200	1.332.600	1.332.600
Drift inntekt	0	453.200-	444.200-	435.200-	1.332.600-	1.332.600-
Finansiering	2.730.000-	0	0	0	2.730.000-	2.730.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Loen vassverk er godkjent av Mattilsynet med 2 hygieniske barrierar. Dette blei gjort ved at ein fekk godkjent grunnvassbrønn som barriere. Det blei samtidig gjett pålegg om mindre oppgraderingar ved brønn og reinseanlegg. Ein forventar at prosjektet skal vere ferdig i 2014 og at det held seg godt under budsjett.

44050	OVERTAKING AV BLAKSET OG ULVEDAL VASSVERK					
Investering	20.000.000-	0	0	0	20.000.000-	20.000.000
Drift utgift	0	2.122.600-	2.087.800-	2.053.000-	6.263.400-	6.263.400-
Drift inntekt	0	2.122.600-	2.087.800-	2.053.000-	6.263.400-	6.263.400-
Finansiering	20.000.000-	0	0	0	20.000.000-	20.000.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Sjøleidning er valt som vasskjelde. Prosjektet er utvida til 20 mill. K-sak 62/14.

44052	UTSKIFTING AV VASSLEIDNING PÅ LUNDE (BERGSIDA)					
Investering	250.000	0	0	0	250.000	250.000
Drift utgift	0	29.200	28.600	28.200	86.000	86.000
Drift inntekt	0	29.200-	28.600-	28.200-	86.000-	86.000-
Finansiering	250.000-	0	0	0	250.000-	250.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Prosjektet er ikkje starta. Det er framleis problem med lukt og smak, ukjent opphav. Planlagt utskifting av to stikkleidningar sommar 2014. Viss ein berre skifter desse vil ein halde budsjett, men det kan også vere behov for skifte av lengre strekning med kommunal linje.

45055	NYE VA-LEIDNINGAR LOEN - DRAGESET P.STASJON TIL UTLØP					
Investering	2.759.000	0	0	0	2.759.000	2.759.000
Drift utgift	0	320.000	315.400	311.000	946.400	946.400
Drift inntekt	0	320.000-	315.400-	311.000-	946.400-	946.400-
Finansiering	2.759.000-	0	0	0	2.759.000-	2.759.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Prosjektet er ikkje starta. Ein er i dialog med Fylkesmann angående tiltak og ansvarsmynde på Loen kloakkrenseanlegg. Prosjektet vil ikkje bli starta før dette er avklart.

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
46122	KOMMUNAL VEG HOL - VIKAEVA KRAFTVERK					
Investering	267.000	0	0	0	267.000	267.000
Finansiering	267.000-	0	0	0	267.000-	267.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Vegen er ikkje klar til kommunal overtaking. Veglys manglar.

46169	REASFALTERING 2014					
Investering	1.250.000-	0	0	0	1.250.000	1.250.000
Drift utgift	0	83.000	81.400	79.700	244.100	244.100
Finansiering	1.250.000-	0	0	0	1.250.000-	1.250.000-
Sum	0	83.000	81.400	79.700	244.100	244.100

Kommentar: Teknisk utval har godkjent prioriteringsliste for asfaltering. Forventar å halde budsjett.

48019	UTSKIFTING AV REDNINGSBIL					
Investering	1.200.000-	0	0	0	1.200.000-	1.200.000-
Finansiering	1.200.000-	0	0	0	1.200.000-	1.200.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Bil er bestilt og ein forventar å halde budsjett.

86046	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK 2014					
Investering	1.375.000-	0	0	0	1.375.000-	1.375.000
Finansiering	1.375.000-	0	0	0	1.375.000-	1.375.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Fekk tildelt fylkeskommunalt tilskot (TIK-midlar) berre til tiltaket som omfattar vegsikring med vegrekkverk – 60 % tilskot = kr. 120.000.-

Fekk ikkje til opparbeiding av opphøgd fortau i Setrevegen.

Sak om omdisponering av løyvde kommunale midlar vart laga til og vedteke – sak KS 017/14.

Budsjettendring står under pkt. 3 i vedtaket.

Det er såleis løyvd kr. 395.000,- til vegrekkverk i dette vedtaket. Vegrekkverk er tenkt gjennomført i 2014. Har vore ute på anbod, overskriding på ca. 30.000,-.

86047	OPPFØLGING AV BRUINSPEKSJON I 2013					
Investering	1.250.000-	0	0	0	1.250.000	1.250.000
Drift utgift	0	66.300	65.200	64.100	195.600	195.600
Finansiering	1.250.000-	0	0	0	1.250.000-	1.250.000-
Sum	0	66.300	65.200	64.100	195.600	195.600

Kommentar: Rapport for etterberekning og spesialinspeksjon av 7 bruer vart motteke frå Skarstein & Walaker den 4/3-2014.

Tiltaket er drøfta internt i møte den 14/3-14, med denne konklusjonen:

Både den tiltenkte betongrehabiliteringa som var tenkt utført i 2014 og det som vart avdekka under etterberekning/spesialinspeksjon må utsetjast for gjennomføring i 2015.

Har laga til nytt kostnadsoppsett for desse utbetningskostnadane på til saman kr. 2.172.000,- (for løyvingane i 2014 og 2015).

Vedteken budsjettløyving for 2014 er kr. 1.000.000,- eks. mva. På ØPL for 2015 må det derfor løyvast 1.172.000,- eks. mva til det same tiltaket, totalt 2.172.000,-

6.4 Tiltak i bygg- og eigedomsavdeling

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
66062	STRYN SYMJEHALL - NYE DUSJVEGGAR					
Drift utgift	0	200.000	0	0	200.000	200.000
Drift inntekt	0	40.000-	0	0	40.000-	40.000-
Sum	0	160.000	0	0	160.000	160.000

Kommentar: Ikkje aktuelt før 2015

16026	BIL TIL BEDRIFTSELEKTRIKAR					
Investering	175.000	0	0	0	175.000	175.000
Drift utgift	175.000	0	0	0	175.000	175.000
Finansiering	175.000-	0	0	0	175.000-	175.000-
Sum	175.000	0	0	0	175.000	175.000

Kommentar:

Bilen er kjøpt og betalt, men i summen skulle vere inkludert innredning- den er ikkje på plass endå, men er bestilt og truleg ferdig montert i løpet av oktober.

16027	REINHALDSUTSTYR					
Investering	175.000	0	0	0	175.000	175.000
Drift utgift	140.000	0	0	0	140.000	140.000
Finansiering	175.000-	0	0	0	175.000-	175.000-
Sum	140.000	0	0	0	140.000	140.000

Kommentar:

Vi har kjøpt og teke i bruk ein del utstyr (ca. 80.000,-) og det ligg no inne bestilling på det resterande.

26061	STRYN SENTRUM - KLATREPARK					
Investering	625.000	0	0	0	625.000	625.000
Finansiering	625.000-	0	0	0	625.000-	625.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar:

Etter møte med leverandør, for nokre veke sidan, blir her tidlegast oppstart hausten 2015.

22084	OPPGRADERING AV NØD- OG LEDELYS					
Investering	150.000	0	0	0	150.000	150.000
Drift utgift	120.000	0	0	0	120.000	120.000
Finansiering	150.000-	0	0	0	150.000-	150.000-
Sum	120.000	0	0	0	120.000	120.000

Kommentar:

Vi er i gong. Har brukt ca. halvparten av beløpet hittil. Det er nyleg sendt bestilling på det gjenstående.

6.5 Tiltak i servicekontoret/administrasjonsavdeling

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
11015	POLITIKARPORTAL - UTSTYR					
Investering	(233 306) 250.000	0	0	0		250.000
Drift utgift	0	0	0	0	0	0
Drift inntekt	(23 801) 0	0	0	0	0	0
Finansiering	250.000-	0	0	0	250.000-	250.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Politikarportal. Nordfjordkommunane fekk til saman kr 300 000 i støtte til innføring av politikarportalen. Stryn kommune fekk overført kr 23 801 av dette. Inntektsført i prosjektet. Tiltaket er fullført.

11016	NY TELEFONILØYSING					
Investering	312.500	0	0	0	312.500	312.500
Drift utgift	0	0	0	0	0	0
Drift inntekt	0	0	0	0	0	0
Finansiering	312.500-	0	0	0	312.500-	312.500-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Dette tiltaket blir søkt flytta til 2014 då ein ser at det ikkje blir starta i 2014, og ein veljar å overføre avsett beløp til nytt tiltak 11017- Videokonferanseutstyr – sentraladm

11016	VIDEOKONFERANSEUTSTYR - SENTRALADM					
Investering	210.000	0	0	0	210.000	210.000
Drift utgift	0	0	0	0	0	0
Drift inntekt	0	0	0	0	0	0
Finansiering	210.000-	0	0	0	210.000-	210.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Nytt tiltak 2014, kr. 210.000,- inkl mva. Tiltaket er fullført.

6.6 Tiltak i plan- og næringsavdeling

	2014	2015	2016	2017	2014-2017	Totalt
66106	TURLØYPER MELLOM ULLSHEIM OG STRYN SKISENTER - Auka tilskot					
Drift utgift	50.000	50.000	50.000	50.000	200.000	200.000
Sum	50.000	50.000	50.000	50.000	200.000	200.000

Kommentar: OK.

50050	GEOLOGRAPPORT - SKREDFARE STRYN SENTRUM					
Drift utgift	175.000	0	0	0	175.000	175.000
Drift inntekt	175.000-	0	0	0	175.000-	175.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Rapport er ferdig, innan for gjeldande ramme.

50051	GEOLOGRAPPORT - SKREDFARE SOLVIK - RAKE					
Drift utgift	0	150.000	0	0	150.000	150.000
Drift inntekt	0	150.000-	0	0	150.000-	150.000-
Sum	0	0	0	0	0	0

Kommentar: Det er, etter det ein kjenner til, ikkje gjort avtalar om vurdering av skredfare i samband med realisering av bustadfelt på Solvik og Rake.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
KS 084/14	Kommunestyret	20.11.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 14/1124 -1

Ark.

Sakshandsamar: Anna Bringsvor Egedahl

Forvaltningsrevisjonsrapport- Bekymringsmeldingar i barnevernet

Presentasjon:

Saka gjeld handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport

«Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune», datert 16.oktober 2014

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

Kontrollutvalet si møtebok Møtedato 05.11.2014. Sak 30/14, «Forvaltningsrevisjon-Bekymringsmeldingar i barnevernet».

Forvaltningsrevisjonsrapport: «Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune», datert 16.oktober 2014

Ikkje vedlagt:

Barnevernlova

Saksopplysningar:

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune» datert 16.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet-Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet».

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Viser til kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Handsaming i Kommunestyret 20.11.2014.

KS-084/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik.
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Helse- og sosialetaten, her
Stryn kontrollutval



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 209/14	Formannskapet	03.12.2014
KS 111/14	Kommunestyret	18.12.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 14/728 -19

Ark. 145

Sakshandsamar: Randi Rørvik Lillestøl

Godkjenning av budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018

Presentasjon:

Budsjettprosessen for 2014 – 2017 har i hovudsak følgd same arbeidsmåte som tidlegare år . Dette inneber utarbeiding av konsekvensjustert budsjett basert på rådmannsbudsjett rundskriv i juni -14 og deretter innarbeiding av verknader som følgjer av statsbudsjettet. Til forskjell frå tidlegare år vart det den 01.10.14 halde ein budsjettkonferanse der alle partia var representerte, og der sektorane (inkl kyrkja) la fram dei tiltaka som dei ynskte innarbeidde og prioriterte i den tilstundande prosessen.

I tillegg til det talmessige budsjettet er det utarbeidd ein handlingsplan som langt på veg byggjer på samfunnsdelen i kommuneplanen. Det er avgjerande for eit velfungerande plan- og økonomisystem at fysiske planar og økonomiplan heng nøye saman. I motsett fall blir verdien av planane minimalisert. Dei føreliggande planane seier noko om retning og prioritering, medan det er økonomiplanen som viser kva som er mogleg å få til ut frå rådande økonomiske rammer. Ved å ha eit utvida handlingsprogram som grunnlag for økonomiplanhandsaminga, vil også sjølv økonomiplanen vere tufta på eit langt meir solid grunnlag.

Avklaringar kring det endelege statsbudsjettframlegget tok i år lenger tid enn det som har vore vanleg, og dette har influert på kommunane sine moglegheiter til å slutføre det kommunale budsjettarbeidet. Trass i dette har det lukkast å halde den tidsplanen som har vore lagt til grunn.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunelova med føresegner.
- Serlover
- Vedtekne planar med handlingsprogram

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Handlingsdel med økonomiplan 2105-2018
- Detaljert oversikt budsjett 2015 og ØPL 2015-2018

Ikkje vedlagt:

- Lovverk og føresegner.
- Overordna planar og handlingsprogram

Saksopplysningar:

Dei detaljerte utgreiingane i tilknytning til budsjett-/økonomiplandokumentet framgår av det vedlagde sakstilfanget, og eg viser til dette når det gjeld utdjupande forklaringar til innhaldet i budsjett-/økonomiplanframlegget.

Regjeringa har signalisert at eit endra/nytt inntektssystem skal vere på plass f.o.m. 2017. Innhaldet i dette kjenner vi ikkje til på noverande tidspunkt, men det kan påreknast at dette vil vere eit inntektssystem som byggjer opp under ein endra kommunestruktur. Dette inneber at først og fremst dei minste kommunane (under 3200 innbyggjarar) vil få endra sine økonomiske rammevilkår.

Formannskapet har i fleire omgangar drøfta budsjettprosessen og i sak nr 168/14 vart følgjande vedteke:

1. Konsekvensjustert budsjett pr 15.10.2014 blir ført vidare med ein underbalanse i 2015 på kr 1.000.000,- og med kr 3.000.000 for åra 2016 – 2018.. Verknadene av dette skal omsyntakast i det øvrige budsjettarbeidet.
2. Sektorane blir – etter at ansvar 8000 er justert – pålagt høvesvisse reduksjonar i sine rammer som i sum skal innebere balanse i driftsbudsjettet, inkl ein reserve på kr 1.000.000 til nye tiltak i 2015 og kr 3.000.000 for kvart av åra 2016 – 2018.
3. Sektorane skal gjennom sektorutvala prioritere nye tiltak innanfor sektoren, og dei driftsøkonomiske verknadene av desse tiltaka skal samla ligge innanfor det økonomiske «fribordet» som vil følgje av pkt 1 og 2.
4. Tiltak innanfor sjølvkostområda fell utanfor pkt 3 ovanfor og skal vurderast serskilt ut frå dei avgiftsmessige verknadene tiltaka vil få.
5. Formannskapet skal – etter at hovudutvala har handsama dei sektorvise driftsbudsjetta, føreslegne reduksjonar og prioritert sektorvise tiltak – føreta den samla prioriteringa for økonomiplanperioden 2015 – 2018.

Etter gjennomgang av ansvar 8000, jfr. pkt 2 ovanfor, og regulering av renteføresetnadene som opphøveleg var innarbeidde i budsjettet, gav dette det økonomiske «rommet» som formannskapet føresette utan at sektorane vart pålagde reduksjonar/kutt i sine budsjett.

Fellesrådet har ikkje utarbeidd konsekvensjustert budsjett på line med de kommunale etatane/avdelingane. Hovudgrunnen til dette har vore at budsjettutgangspunktet til fellesrådet var annleis enn for dei andre. Budsjetttramme for 2014 er kr. 4.339.154, samt bruk av eigne driftsfond med kr. 358.000,- – samla kr 4.697.154,-.

Framlegget frå fellesrådet til budsjett for 2015 (ekskl tiltak) var kr. 5.672.600,-. Etter gjennomgang har rådmannen redusert dette med kr 200.000,- til kr 5.472.600,-. Dette representerer likevel ein auka frå 2014 på 26 % (eller 17 % dersom fondsbruken blir teken med som ein del av 2014-nivået). Dersom rådmannens framlegg blir vedteke, må fellesrådet tilpasse det detaljerte budsjettet for området den endra ramma.

Det føreliggande budsjettframlegget er saldert slik:

<u>SLUTTSALDERING</u>				
	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>
Konsekvensjustert driftsbudsjett 25.11.14	1 118 700	3 063 200	4 483 400	6 807 400
Driftsverknader av nye tiltak	<u>-1 134 300</u>	<u>-3 024 700</u>	<u>-3 820 200</u>	<u>-3 986 500</u>
Underskot/overskot -/+	-15 600	38 500	663 200	2 820 900
Disponering:				
Auke posten for tilleggsføringar		<u>-38 500</u>	-500 000	-500 000
avsetting/bruk av fond -/+	<u>15 600</u>		<u>-163 200</u>	<u>-2 320 900</u>
	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>

Etter Kommuneleova skal formannskapet sitt framlegg til budsjett/økonomiplan ligge ute til offentlig ettersyn i 14 dagar før kommunestyret tek endeleg avgjer i saka.

Vurdering:

Driftsbudsjettprosessen for 2015-2018 har vore mindre krevjande denne hausten enn på lenge. Dette inneber ikkje at arbeidsmengda knytt til prosessen har vore monaleg mindre sjølv om dei økonomiske utfordringane har vore avgrensa.

Kommunens økonomiske situasjon må likevel vurderast opp mot dei utfordringane kommunen har framfor seg. Det er i denne samanhengen nok å vise til den tiltaksversikten som sektorane presenterte på budsjettkonferansen 01.10.14. Dersom ein handterleg kommuneøkonomi skal vere situasjonen framover, er det naudsynt med ei streng prioritering på tiltakssida.

Ut frå rammene som formannskapet har sett i høve til nye tiltak i økonomiplanen, føreligg følgjande samordna framlegg frå rådmannen:

Etat	Tiltak namn	Kostnad/	inv 2015	inv 2016	inv 2017	inv 2018	drift 2015	drift 2016	drift 2017	drift 2018
		finansiering								
		Eks. MVA								
Skule-/Kultur										
22088	Tønning skule- Brakkerigg (kjøp)	2 530 000	2 530 000							
	Finansiering:									
	Lån 10 år nedbet/3 % rente	2 530 000					15 500	329 000	321 400	313 800
	Driftskostnader						52 500	105 000	105 000	105 000
26043	Kulturhuset - Oppussing/ombygging 2. etj	500 000		500 000						
	Finansiering:									
	Spelemidler	167 000								
	Lån 20 år nedbet/3 % rente	333 000							26 700	26 200
66110	Tap av leigeinntekter							240 000	240 000	240 000
62128	Leirskuleopphald						225 000	225 000	225 000	225 000
Helse-/Sosial										
70020	Styrke helse/sos.adm.							785 500	785 500	785 500
76028	50 % st. introduksj.ordninga						175 000	251 300	251 300	251 300
34071	Ståheis/Passiv heis Stryn oms.	29 000					29 000			
74107	Dagtilbod demente Stryn 40 %									
	Kostnad	268 200								
	Statstilskot/inntekt	162 300								
	Nettokostnad pr. år	105 900					105 900	105 900	77 900	77 900
74108	Dagtilbod demente Vikane 20 %									
	Kostnad	118 800								
	Statstilskot/inntekt	90 600								
	Nettokostnad pr. år	28 200					28 200	28 200	28 200	28 200
32002	Større/nytt helsesenter								517 000	517 000
34044	9 omsorgsbustadar / funksj.	26 500 000		26 500 000					-99 000	-109 000
34076	2 stk salongar, Vikane omsorgss.	100 000	100 000							
	Bruk av kapitalfond	100 000								
34077	8 kvilestolar, Vikane omsorgss.	188 000	188 000							
	Bruk av kapitalfond	188 000								
34074	Ny bruktbil (7-setar) Dagtilb.psyk	300 000			300 000					
	Bruk av disposisjonsfond	300 000								

Etat	Tiltak namn	Kostnad/ finansiering	inv 2015	inv 2016	inv 2017	inv 2018	drift 2015	drift 2016	drift 2017	drift 2018
		Eks. MVA								
Teknisk										
47022	Utskifting av vegghøvel	2 700 000	2 700 000							
	Finansiering:									
	Lån 10 år nedbet/3 % rente	2 700 000					40 500	352 600	343 100	335 000
47029	Snøstikkesetter til traktor	500 000	500 000							
	Finansiering:									
	Lån 10 år nedbet/3 % rente	500 000					7 500	67 000	64 000	62 000
81033	Adressering - nye vegnamn						50 000	50 000	300 000	300 000
46181 og 86049	Trafikktryggingstiltak	1 060 000	1 060 000							
	Finansiering:									
	Trafikktryggleikstilskot FK	636 000								
	Bruk av kapitalfond	304 000								
	Bruk av disposisjonsfond	120 000								
46159	Etabl. 5 stk veglys Wallhallvegen	150 000	150 000				150 000			
46170	Reasvaltering 2015		1 500 000							
46171	Reasvaltering 2016			1 000 000						
46174	Reasvaltering 2017				1 000 000					
46175	Reasvaltering 2018					1 000 000				
	Finansiering asvaltering samla:									
	Lån 20 år/ 3 %	4 500 000					20 000	126 000	197 700	279 900
46177 og 46178	Innfasing nye gatelys		630 000	630 000						
	Finansiering:									
	Lån 20 år/ 3 % rente	1 260 000					5 000	55 000	99 000	97 000
86047	Oppfølging bruinspeksjon		1 900 000							
	Finansiering:									
	Lån 30 år/ 3 %	1 900 000					20 000	120 000	118 000	116 000
Sentraladm										
Bygg og vedl.hald										
16028	Bil til reinhaldpool	150 000	150 000				150 000			
66108	Stryn kulturhus-taktekking	64 000								
56032	Krav: Energimerking bygg	200 000								
26098	Stryn Symjehall - nye dusjvegger	220 000								
	Delfinansiering spelemidler	-70 000								
22089	Olden skule-nye flexivegger	128 000								
74133	Vikane oms. Nye vindauge	56 000								
74134	Vikane oms. Markiser	104 000								
56033	Verkstadbygget-nytt låsesyst.	64 000								
74130	Vikane oms. Nye golv stue/korr	136 000								
	SUM BYGG OG VEDLIKEHALD	<u>902 000</u>								
	Finansiering:									
	Lån 10 år nedbet/3 % rente	902 000					13 200	117 200	114 400	111 700

Etat	Tiltak namn	Kostnad/	inv 2015	inv 2016	inv 2017	inv 2018	drift 2015	drift 2016	drift 2017	drift 2018
		finansiering								
		Eks. MVA								
Plan og næring										
50055	Utvikling av Stryn sentrum	400 000	400 000							
	Finansiering:									
	Eksterne tilskotsmidlar	220 000								
	Bruk av disposisjonsfond	180 000								
Oppgaver på tvers										
11016	Nytt telefonsystem	250 000								
	Finansiering:									
	Bruk av disposisjonsfond	250 000								
AMU										
50056	Tilskot til trening						40 000	40 000	40 000	40 000
Stryn kyrkj.fellesråd										
19056 og	Utviding av Nordsida kyrkjegard	2 900 000	400 000		2 500 000					
19057	Finansiering:									
	Lån kr. 400 000 30 år nedbet/3% rente						7 000	27 000	25 000	24 000
	Finansiering:									
	Lån kr. 2 500 000 30 år nedbet/3% rente								40 000	160 000
							drift 2015	drift 2016	drift 2017	drift 2018
Sum drift							1 134 300	3 024 700	3 820 200	3 986 500
Sjølvcost										
84011	Låssystem VA	105 000	105 000							
44051	UPS Tønningsetra vassverk	100 000	100 000							
44057	Koble saman Hjelle skule vassverk	260 000	260 000							
44047	Stryn vassverk, reservevassforsyn	440 000	440 000							
45049	Separering Stampevegen	665 000	665 000							
	Vidareføring av tidlegare vedtekne prosjekt:									
44043	Høgdebasseng Langeset	6 500 000	6 500 000							
44050	Blakset og Ulvedal vassverk	20 000 000	20 000 000							
44052	Utsifting av vassledn. På Lunde	250 000	250 000							
45055	Ny pumpeledning mm v/Alexandra			2 870 000						
45056	Kloakkpumpestasj. og ledningsanlegg	2 500 000	2 500 000							
45060	Kloakksanering Perhustunet									
			30 820 000							
	Finansiering:									
	Anl.tilskot Blakset/Ulvedal	4 000 000								
	Lån 30 år/3 % rente	26 820 000					300 000	1 698 600	1 671 000	1 645 000
	Inntektsauke/bruk av ev Vafond						-300 000	-1 698 600	-1 671 000	-1 645 000
							0	0	0	0

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

1. Framlegget til budsjett/økonomiplan for perioden 2015 – 2018 blir godkjent.
2. Høgste tilletne skatteøre skal leggst til grunn for inntekt og formue.
3. Rådmannen får fullmakt til å ta opp følgjande lån og godkjenne lånevilkår.

- Formidlingslån i Husbanken:	kr. 5.600.000,-	20 år
- Forretningslån:	kr. 29.885.000,-	30 år
- Eigne føremål:	kr. 7.588.000,-	30 år
- Eigne føremål:	kr. 3.474.000,-	10 år
SUM lån	<u>kr. 46.547.000,-</u>	

Handsaming i Formannskapet 03.12.2014.

FO-209/14 Vedtak:

Rådmannen si tilråding blir godkjent med følgjande endringar/tillegg:

Kr 300.000 – tilskot næringsshagen
Kr 250.000 – 40 % stilling som ungdomskontakt
Kr 261.000 – styrking av helse-/sosialadm frå hausten 2015
(dei andre åra ligg allereie inne i budsjettframlegget)
Kr 40.000 – tilskot til politiske parti
Samla kostnadsauke 2015: kr. 851.000.

Finansiering:

Reduksjon av rentekostnader	kr. 600.000
Avvikling av dagens bruk av Storesunde skule (F.o.m. 01.07.2015)	<u>kr 251.000</u>
Sum	<u>kr. 851.000</u>

111/14: Godkjenning av budsjett 2015/økonomiplan 2015-2018

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

4. Framlegget til budsjett/økonomiplan for perioden 2015 – 2018 blir godkjent.
5. Høgste tilletne skatteøre skal leggst til grunn for inntekt og formue.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta opp følgjande lån og godkjenne lånevilkår.

- Formidlingslån i Husbanken:	kr. 5.600.000,-	20 år
- Forretningslån:	kr. 29.885.000,-	30 år
- Eigne føremål:	kr. 7.588.000,-	30 år
- Eigne føremål:	kr. 3.474.000,-	10 år
SUM lån	<u>kr. 46.547.000,-</u>	

Handsaming i Formannskapet 03.12.2014.

FO-209/14 Vedtak:

Rådmannen si tilråding blir godkjent med følgjande endringar/tillegg:

Kr 300.000 – tilskot næringsshagen
Kr 250.000 – 40 % stilling som ungdomskontakt
Kr 261.000 – styrking av helse-/sosialadm frå hausten 2015
(dei andre åra ligg allereie inne i budsjettframlegget)
Kr 40.000 – tilskot til politiske parti
Samla kostnadsauke 2015: kr. 851.000.

Finansiering:

Reduksjon av rentekostnader kr. 600.000
Avvikling av dagens bruk av Storesunde skule (F.o.m. 01.07.2015) kr. 251.000
Sum kr. 851.000

Handsaming i Kommunestyret 18.12.2014.

Endringsforslag FrP: Årsbudsjett for 2015 - økonomiplan for perioden 2015 - 2018.

	<u>Investering</u> <u>2015</u>	<u>Investering</u> <u>2016</u>	<u>Investering</u> <u>2017</u>	<u>Investering</u> <u>2018</u>	<u>Drift</u> <u>2015</u>	<u>Drift</u> <u>2016</u>	<u>Drift</u> <u>2017</u>	<u>Drift</u> <u>2018</u>
Reduksjon eigedomsskatt					2 000 000	4 000 000	5 000 000	7 000 000
Varmebasseng forprosjekt					250 000			
Varmebasseng 3,3 % rente over 30 år		15 000 000					723 000	723 000
Drift varmebasseng							1 000 000	1 000 000
Utbygging skule				40 000 000				
Auka utgifter/reduerte inntekter					2 250 000	4 000 000	6 723 000	8 723 000
Reduksjon skule og kultur					2 000 000	5 000 000	7 000 000	8 000 000
Reduksjon næringsstøtte					300 000	600 000	600 000	600 000
Reduserte utgifter					2 300 000	5 600 000	7 600 000	8 600 000
Auka utgifter/reduerte inntekter					2 250 000	4 000 000	6 723 000	8 723 000
Reduserte utgifter					2 300 000	5 600 000	7 600 000	8 600 000
Overført til tilleggsløyvingar					50 000	1 600 000	877 000	(123 000)

KS-111//14 Vedtak:

Ved avrøysting røysta 2 for Frp sitt framlegg, medan 23 røysta for formannskapet si tilråding.

Sign

Per Kristian Storevik
Sokr.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsynet med kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar etter lov om folkehelsearbeid

i Stryn kommune

Kommunen si adresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Tidsrom for tilsynet: 23.06.2014 – 10.12.2014

Kontaktperson i kommunen: Berit Wetlesen, helse- og sosialsjef

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte 12. – 13. november 2014 tilsyn med Stryn kommune.

Tilsynet var ein del av det første landsomfattande tilsynet med folkehelsearbeidet i kommunane som fylkesmennene gjer hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med å halde jamleg¹ oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Målsetjinga for tilsynet var å sjå etter at kommunar som ikkje hadde sett i gang systematisk, jamleg oversiktsarbeid, kjem i gang med dette.

Fylkesmennene fekk i tillegg i oppdrag å kartlegge det jamlege oversiktsarbeidet i kommunar der arbeidet var kome i gang, og ut frå denne kartlegginga gje kommunen ei rettleiande vurdering av status for arbeidet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin konklusjon ved tilsynet:

Det er ikkje avdekka avvik frå krav om jamleg oversiktsarbeid etter folkehelselova.

Kommunen har oppretta ei styringsgruppe for folkehelsearbeidet samansett av rådmannen, helse- og sosialsjef, teknisk sjef, skule- og kultursjef og plan- og næringssjef.

Folkehelsekoordinator er sekretær for gruppa. Kommunen har utarbeidd funksjonsomtale for styringsgruppa og for folkehelsekoordinator. Kommunen har også utarbeidd prosedyre for det jamlege oversiktsarbeidet som ligg på Kvalitetslosen.

¹ Statens helsetilsyn har avklåra med Helsedirektoratet om å omsetje *løpende* oversikt til *jamleg* oversikt.

Folkehelsekoordinator har hovudansvaret for å samordne det fire-årlege oversiktsdokumentet. Dette arbeidet er i gang. Folkehelsekoordinator har henta inn erfaringsbasert kunnskap frå dei ulike einingane, og frå fylkeskommunale og statlege kjelder som er samla i eit utkast til oversiktsdokument. Det er utarbeidd plan for det vidare arbeidet med oversiktsdokumentet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurderer at kommunen er i oppstartfasen med oversiktsarbeidet. Det jamlege oversiktsarbeidet bør vere del av kommunen si ordinære verksemd. Kommunen bør sikre at arbeidet med å innhente, gjennomgå og vurdere opplysningar har ei tverrsektoriell innretning. Kommunen bør etablere ordningar /arenaer og rutinar for tverrfagleg vurdering av innhenta informasjon med tanke på årsaker og konsekvensar. Kommunen må vere merksam på utviklingstrekk som kan gje sosiale helseskilnader.

Kommunen bør ta stilling til kva område/tema som jamleg skal følgjast med på, og korleis dette skal dokumenterast. Ut frå kommunale utfordringar og ressursar bør kommunen ta stilling til kva opplysningar den treng, kva kunnskapskjelder den må bruke for å få tak i desse og kor ofte den må hente inn desse opplysningane. Kommunen må sikre at tilsette som skal delta i arbeidet med faglege vurderingar vert gjort kjende med dette, og at dei får nødvendig opplæring i regelverket og innføring i arbeidet. Kommunen må sikre samfunnsmedisinsk kompetanse i dette arbeidet.

Tilsynet er avslutta.

Dato: 10.12.2014

Anne Eli Wangen
revisjonsleiar

Björg Eikum Tang
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	4
2. Skildring av kommunen.....	4
3. Gjennomføring av tilsynet	5
4. Kva tilsynet omfatta	5
5. Fylkesmannen sin konklusjon ved lovlegkontrollen	6
6. Fylkesmannen si kartlegging og vurdering av status for kommunane sitt jamlege oversiktsarbeid	6
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag	8
9. Deltakarar ved tilsynet.....	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn 12. – 13. november 2014 med Stryn kommune.

Tilsynet var ein del av det landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid som fylkesmennene gjennomfører hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Fylkesmannen har fått myndigheit til å føre tilsyn med korleis kommunen oppfyller plikter pålagt i eller i medhold av §§ 4–9 og §§ 27–30 i lov om folkehelsearbeid (folkehelselova). Fylkesmannen sitt tilsynsansvar og myndigheit følgjer av folkehelselova § 31, jf. kommunelova § 10A.

Dette første landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid har følgjande innretning:

1. Lovlegkontroll
Fylkesmannen undersøker om kommunen har kome i gang med eit jamleg oversiktsarbeid. Der fylkesmannen konkluderer med avvik, vert kommunen følgd opp til tilhøva er retta.
2. Rettleiande vurdering av kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid:
I kommunar der fylkesmannen konkluderer med at eit jamleg oversiktsarbeid har kome i gang, skal dette arbeidet kartleggast. Fylkesmannen gjev kommunen ei tilbakemelding i form av ei rettleiande vurdering av status. Kommunane står fritt i høve til om, og i kva grad, dei følgjer opp denne vurderinga.

2. Skildring av kommunen

Kommunen er organisert etter ein tre-nivåmodell; med etatssjefar, tenesteleiarar og mellomleiarar. Rådmannen si leiargruppe består av helse- og sosialsjef, teknisk sjef og skule- og kultursjef.

Gjeldande kommuneplan med samfunnsdel vart vedteken 23.10.2013.

Innbyggjartalet i kommunen var 7 134 pr. 01.01.2014. Personar over 80 år utgjer ein relativt stor del av befolkninga (5,4 %). Det er relativt mange innbyggjarar og norskfødde med innvandrareldre (13,8 %). Kommunen har ein låg kvinnetal, som kommunen opplever som ei utfordring. Det er befolkningsauke i kommunesenteret (Stryn) og Loen, medan bygdene og tettstadane ikring har nedgang i folketalet.

Kommunen har 9 kommunale barnehagar, 2 ikkje- kommunale barnehagar og 8 grunnskular. Det er vidaregåande skule i kommunen. Privat næringsliv og reiseliv er sentrale næringar. Kommunen har eit aktivt organisasjonsliv. Stryn kommune har partnerskap med fylkeskommunen innan folkehelsearbeid.

Kommunen har tilsett folkehelsekoordinator i 40 % stilling, organisatorisk plassert i staben til helse- og sosialsjef. Det er etablert ei eiga styringsgruppe for folkehelsearbeidet. Styringsgruppa består av rådmannen, helse- og sosialsjef, teknisk sjef, skule- og kultursjef og plan- og næringssjef, med folkehelsekoordinator som sekretær. Kommunen har bestemt at

folkehelse skal vere eit satsingsområde, og at folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og tenester.

I følgje kommunale planar og intervju med tilsette har kommunen utfordringar knytt til kvaliteten på drikkevatn. Kommunen har også utfordringar knytt til geografi med lange avstandar, og livsstilsutfordringar knytt til inaktivitet, overvekt, tobakksbruk og rus.

3. Gjennomføring av tilsynet

Varsel om tilsyn vart sendt ut 23.06.2014.

Gjennomgang av aktuell informasjon før tilsynsbesøket: Sjå kapittel om dokumentunderlag.

Formøte vart halde 22.10.2014.

Opningsmøte vart halde 12.11.2014.

Intervju

14 personar som vart intervjuet.

Gjennomgang av dokumentasjon under tilsynsbesøket: Sjå kapittel om dokumentunderlag.

Sluttmøte vart halde 13.11.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet omfatta kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne (folkehelselova §§ 5, 30, jf. 27, forskrift om oversikt over folkehelsa §§ 3 og 4).

Bakgrunn for valet av jamleg oversiktsarbeid som tilsynstema

Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar er ein naudsynt føresetnad for at kommunane skal ha eit kunnskapsbasert grunnlag for planlegging og tiltak på folkehelseområdet. Kravet til kommunen om å ha slik oversikt var derfor eit naturleg temaval for det første landsomfattande tilsynet med kommunane sitt folkehelsearbeid.

Kommunane skal både ha jamleg oversikt, og kvart fjerde år (neste gang innan hausten 2016) ha utarbeidd eit samla oversiktsdokument som del av grunnlaget for planstrategien sin. Tilsyn med folkehelsearbeidet i kommunen skal vere tilpassa den fireårige plansyklusen i kommunen. Sidan det landsomfattande tilsynet skulle gjennomførast hausten 2014, vart det retta mot kommunane sitt *jamlege* oversiktsarbeid.

Lovlegkontrollen ved tilsynet

Tilsynet hadde som målsetjing å sjå til at kommunar som ikkje hadde sett i gang systematisk, jamleg oversiktsarbeid, kom i gang med dette. Å *ha kome i gang* inneber at kommunen gjennom sin internkontroll har lagt til rette for at det jamlege oversiktsarbeidet kan gjennomførast slik folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa legg opp til, og at det er aktivitet på området.

Det vart undersøkt

- om arbeidet hadde ei tilstrekkeleg forankring i kommuneleiinga
- om det var avklart kva tilhøve det jamleg ville være naudsynt å innhente oppdaterte opplysningar om
- om det var lagt til rette for å kunne nytte aktuelle sentrale og lokale kunnskapskjelder
- om det var lagt opp til at arbeidet med å innhente, gjennomgå og vurdere opplysningane hadde ei tverrsektoriell innretning
- om oppgåvefordelinga var avklart og gjort kjent for involverte einingar/sektorar
- om det var sørgt for at medarbeidarane hadde tilstrekkelege kunnskapar og dugleik til å utføre oppgåvene sine, og om kommunen hadde sørgt for å ha naudsynt samfunnsmedisinsk kompetanse
- om kommuneleiinga følgde med på at det jamlege oversiktsarbeidet var kome i gang og at det skjedde aktivitetar på området

Kartlegging og rettleiande vurdering av det jamlege oversiktsarbeidet

I tillegg til sjølve lovlegkontrollen, hadde det landsomfattande tilsynet som målsetjing å bidra til at kommunar som allereie hadde starta opp eit jamleg oversiktsarbeid, vidareutvikla dette. Med utgangspunkt i dei aktuelle lovkrava gjennomførte fylkesmannen i desse kommunane ei kartlegging av kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid. Kartlegginga danna grunnlaget for ei tilbakemelding til kommunen i form av ei rettleiande vurdering av status for kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid.

Folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa overlèt i stor utstrekning til kommunen sjølv å vurdere, ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, kva som er naudsynt innhald og omfang av opplysningar og vurderingar i kommunen sin jamlege oversikt.

Aktuelle tema som var ein del av fylkesmannen si kartlegging og vurdering (ikkje uttømmende):

- kommunen si tilrettelegging/styring
- kva kommunen hadde avgjort å følgje med på sett opp mot dei folkehelseutfordringane kommunen hadde identifisert
- om kommunen hadde teke stilling til kva for opplysningar som skulle hentast inn frå kva kjelder og i kva utstrekning opplysningane vart henta inn
- i kva omfang det vart gjort faglege vurderingar av dei innhenta opplysningane
- i kva omfang det fanst skriftleg dokumentasjon av opplysningar og vurderingar

5. Fylkesmannen sin konklusjon ved lovlegkontrollen

Det er ikkje avdekka avvik frå krav om jamleg oversiktsarbeid etter folkehelselova § 5, jf. § 30, og forskrift om oversikt over folkehelsa § 4, jf. § 3.

6. Fylkesmannen si kartlegging og vurdering av status for kommunane sitt jamlege oversiktsarbeid

Kommunen si tilrettelegging/styring

Kommunen har etablert strukturar for oversiktsarbeidet med eiga styringsgruppe for folkehelsearbeidet. I styringsgruppa er rådmannen, teknisk sjef, plan og næringssjef, skule- og kultursjef og helse- og sosialsjef. Folkehelsekoordinator er sekretær. Gruppa skal ha møte minst ein gong kvart halvår og elles ved behov. Det er utarbeidd funksjonsomtale for arbeidet

til gruppa. Det er utarbeidd prosedyre for kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid på Kvalitetslosen.

Folkehelsekoordinator har ansvar for samordning av oversiktsarbeidet. Det er utarbeidd funksjonsomtale for folkehelsekoordinator. Folkehelsekoordinator har fått ansvar for å koordinere arbeidet med utarbeiding av oversiktsdokument. Plan og næringssjef har ansvar for å involvere ulike fagpersonar i planarbeid, i tillegg til fast planlag på fire tilsette.

Kommunen har tilsett kommunelege 1 med ansvar for smittevern, psykososialt kriseteam og medisinsk fagleg rådgjeving. Kommunen har ikkje tilsett personell med samfunnsmedisinsk kompetanse. Kommunen har i lengre tid arbeidd med å etablere interkommunal ordning for å sikre slik kompetanse. Ny avtale skal opp til politisk handsaming før nyttår. Avtalen skal dekke kommunen sine plikter etter folkehelselova, også knytt til epidemiologiske analysar i oversiktsarbeidet.

Vurdering:

Kommunen er i oppstartfasen med oversiktsarbeidet. Det jamlege oversiktsarbeidet bør vere del av kommunen si ordinære verksemd. Kommunen bør legge opp til at arbeidet med å innhente, gjennomgå og vurdere opplysningar har ei tverrsektoriell innretning. Kommunen bør etablere ordningar /arenaer og rutinar for tverrfagleg vurdering av innhenta informasjon med tanke på årsaker og konsekvensar. Kommunen må vere merksam på utviklingstrekk som kan gje sosiale helseskilnader. Kommunen må sikre at tilsette som skal delta i arbeidet med faglege vurderingar får nødvendig opplæring i regelverket og innføring i arbeidet. Kommunen må sikre samfunnsmedisinsk kompetanse i dette arbeidet.

Tema/område kommunen har avgjort å følgje med på, ut frå identifiserte folkehelseutfordringar

Kommunen har starta utarbeiding av eit oversiktsdokument (kunnskapsdokument) der Helsedirektoratet sin rettleiar IS-2110 blir brukt som mal. Kommunen har ikkje teke stilling til kva tema som skal følgjast særskilt med på med grunnlag i utfordringar og ressursar i Stryn kommune. Det er heller ikkje gjort vurderingar av innsamla data med tanke på årsaker og kvensekvensar. Kommunen har utarbeidd plan for det vidare arbeidet med oversiktsdokumentet. Kommunen vil i det vidare arbeidet drøfte og ta stilling til om og eventuelt korleis det jamlege oversiktsarbeidet skal vere knytt til/ danne grunnlag for det 4-årlege oversiktsdokumentet.

Vurdering:

Kommunen bør ta stilling til kva område/tema som jamleg skal følgjast med på, og korleis dette skal dokumenterast.

Om kommunen har teke stilling til kva for opplysningar som skulle hentast inn frå kva kjelder, og i kva utstrekning opplysningane vart henta inn

Kommunen har gjennomført innhenting av erfaringsbasert kunnskap om utfordringar og ressursar frå dei ulike tenesteeiningane. Kommunen har henta inn data frå ulike statlege og fylkeskommunale kjelder. Opplysningane er samla i eit utkast til oversiktsdokument.

Vurdering:

Ut frå kommunale utfordringar og ressursar bør kommunen ta stilling til kva opplysningar den treng, kva kunnskapskjelder den må bruke for å få tak i desse og kor ofte den må hente inn desse opplysningane.

I kva omfang det er gjort faglege vurderingar av dei innhenta opplysningane

Kommunen har ikkje teke stilling til korleis faglege vurderingar av innhenta informasjon skal gjennomførast og kven som skal delta i dette arbeidet. Det er planlagt felles møte med aktuelle leiarar og fagfolk for drøfting av kommunen sitt utfordringsbilde basert på utkast til oversiktsdokument i november /desember 2014.

Vurdering:

Kommunen bør avklare kven som skal bidra i arbeidet med faglege vurderingar av innhenta informasjon og sikre at alle som skal delta i arbeidet er gjort kjende med kva arbeidet inneber og kva oppgåver dei har fått ansvar for.

I kva omfang det fanst skriftleg dokumentasjon av opplysningar og vurderingar

Sektorane har samla ulik dokumentasjon /statistikk for egne ansvarsområde. Deler blir brukt til årsrapportering. Kommunen har utarbeidd eigen statistikkpakke som vert nytta i kommunal planlegging. Erfaringsbasert kunnskap til bruk i oversiktsarbeid er innhenta og samla frå ulike tenestoområde i eit første utkast til oversiktsdokument (kunnskapsdokument for folkehelse). Kommunen utfører vurderingar av sektorvise data og innhentar faglege vurderingar frå andre tenestoområde i samband med fortløpande planarbeid.

Vurdering:

Kartlegginga i sektorane og tverrfaglege vurderingar i allereie etablerte fora, kan i større grad forankrast i folkehelselova og kravet om jamleg oversikt.

7. Regelverk

Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven)

(<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>)

Forskrift 28. juni 2012 nr. 692 om oversikt over folkehelsen

(<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-06-28-692>)

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon oversendt i forkant av tilsynet:

- Organisasjonskart for Stryn kommune
- Oversikt over tilsette med oppgåver som er tema under tilsynet med folkehelsearbeid
- Orienteringsnotat om organisering, ansvar og mynde i folkehelsearbeidet, 16.10.2014
- Tiltaksplan for folkehelsearbeidet i Stryn kommune 2013 – 2014
- Mandat for folkehelserådet i Stryn kommune
- Funksjonsomtale – styringsgruppe for folkehelsearbeidet i Stryn kommune
- Funksjonsomtale – Førebyggingsforum for ungdomsmiljøet i Stryn
- Stillingsomtale for kommunelege
- Stillingsomtale for leiande helsesøster
- Stillingsomtale for folkehelsekoordinator
- Stillingsomtale for sakshandsamar miljøretta helsevern
- Stillingsomtale for plan og næringssjef
- Prosedyre for kommunen sitt jamlege oversiktsarbeid over helsetilstanden blant innbyggjarane og faktorar som påverkar denne
- Plan for arbeid med å få på plass kommunen sitt første Kunnskapsdokument for folkehelse

- Brev frå folkehelsekoordinator til ulike samarbeidspartar – innhenting av erfaringskunnskap, med svarskjema og svar frå tenesteeiningar
- Mal for innhald i kunnskapsdokument
- Kunnskapsdokument for folkehelse, utkast pr. november 2014.

Dokument som er lasta ned frå kommunen sine nettsider:

- Kommunal planstrategi 2012 – 2015 Stryn kommune
- Kommuneplanen 2013 – 2024, Samfunnsdelen Stryn kommune
- Handlingsdel for samfunnsdel av kommuneplanen, med økonomiplan, 2014 – 2017.
- Handlingsplan mot vald og trugsmål i nære relasjonar (2011)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013 – 2016
- Kommunedelplan for vassforsyning 2011 – 2020
- Kommunedelplan for kultur 2013 – 2016
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012 – 2016
- Bustadsosial handlingsplan 2010 – 2021
- Handlingsplan for busetting av flyktningar og innvandrarakar i Stryn kommune 2013 – 2017
- Trafikktryggleiksplan (2009)
- Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2024 (utkast til offentleg ettersyn)

Dokument som vart utlevert under tilsynet:

- Frå Kvalitetslosen: prosedyre for kommunen sitt løpande oversiktsarbeid over helsetilstanden blant innbyggjarane og faktorar som påverkar denne.

9. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gjeve ei oversikt over deltakarane på opningsmøtet og sluttmøtet, og over dei personane som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kari Synnøve Muri	folkehelsekoordinator	X	X	X
Eli-Katrin Kirkeeide	sakshandsamar miljøretta helsevern	X	X	X
Aslaug Hånøy Nygård	pleie og omsorg Stryneområdet	X	X	X
Geirmund Dvergsdal	plan og næringssjef		X	X
Britt Tomasgard	leiande helsesøster	X	X	X
Mark Moher Persson	kommunelege I	X	X	X
Kari Tonning	sosialtenesta i NAV	X	X	X
Malin Carlsson	avdelingsleiar for barnehage	X	X	X
Hilde Lødøen	avdelingsleiar for skule	X	X	X
Elisabeth Scheen Bøe	avdelingsleiar ergo/fysioterapi	X	X	X
Jan Bakke Flore	teknisk sjef	X	X	X
Odd Einar Fimreite	skule og kultursjef	X	X	X
Berit Wetlesen	helse og sosialsjef	X	X	X
Per Kristian Storevik	rådmann	X	X	

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Andreas Andersen Rusten, rådgjevar, observatør

Björg Eikum Tang, seniorrådgjevar, helse og sosial avdelinga, revisor

Arnt Erik Nordheim, seniorrådgjevar, juridisk avdeling, revisor

Anne Eli Wangen, fylkessjukepleiar, helse og sosialavdelinga, revisjonsleiar

Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015
Vår referanse: 15/79
Arkiv: FE-000

Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tinging rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

The screenshot shows the Regjeringen.no website. The header includes the Norwegian coat of arms and the text 'Regjeringen.no' with a search bar. Below the header is a navigation menu with links: Tema, Dokumenter, Aktuelt, Departementene, and Regjeringen. The main content area displays the title 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat' and the date 'Rapport | Publisert: 09.01.2015'. A sidebar on the right identifies the department as 'Kommunal- og moderniseringsdepartementet'. Below the title, there is a paragraph stating that Deloitte has provided an evaluation on behalf of the department. A 'RELATERT' (Related) section contains a link to 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollsekretariat'. At the bottom, there is a paragraph about the purpose of the evaluation and another paragraph stating that the report shows that the control committees are fulfilling their function.

Pdf-versjon av rapporten: www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

Dato: 28.11.2014
Vår referanse: 14/804
Arkiv: FE-007

Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikskonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 003/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/23
---	-------------------------	------------------------------

Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap

Vedlegg:

Dok.dato 15.01.2015	Tittel Erklæring datert 2.1.2015 frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.pdf	Dok.ID 1243
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av revisor sin ubundenskap datert 2.1.2015 til vitande.

.

Saksutgreiing:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, har i brev datert 2.1.2015 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap, sjå vedlagde erklæring.

(utklipp frå brevet til revisor)

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommunelova § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som kan svekke oppdragsansvarleg revisor sin tillit, med omsyn til ubundenskap og objektivitet, overfor Stryn kommune.

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Kopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særleine tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.


Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
-------------------------------	--	--	---	---

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter. Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune. Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune. Eg har elles ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betyding for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	<i>Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 004/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 15/41
---	-------------------------	------------------------------

Årsmelding 2014 - Stryn kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato 15.01.2015	Tittel Årsmelding 2014 - Stryn kontrollutval	Dok.ID 1322
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Årsmelding 2014 frå Stryn kontrollutvalet vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå Stryn kontrollutval til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen, og rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

Utkast frå SEKOM-sekretariat

Stryn kontrollutval

Årsmelding 2014



Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 23.1.2015

Saksnummer:

Referanse: 15/112

Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Medlemar

		Faste medlemar
	1	Rune Myklebust, leiar
	2	Aud Jorunn Hool Egge, nestleiar
	3	Henny Karin B Staalnacke
	4	Rune Holen
	5	Oddvar Bergset
		Personlege varamedlemar
1	1	Knut Johan Tjugen
	2	Eli Folven
2	1	Terje Solvang
	2	Jørn Ola Svingeset
3	1	Otto Rune Vik
	2	Tor Bjerknes
4	1	Rasmus Guddal
	2	Matias Magne Sølvsberg
5	1	Margun Skiftesvik
	2	Arild Kåre Åbrekk

Møte og saker

Utvalet hadde 5 møter i 2014 og handsama 34 saker. I 2013 var det 3 møter og 22 saker.

Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret til handsaming:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
10.2.2014	5	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Stryn
8.5.2014	17	Kommunerekneskapen 2013 – Stryn kommune
30.9.2014	25	Budsjett for kontrollutvalet i Stryn 2015
5.11.2014	30	Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet

Orienteringar frå rådmannen

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen i følgjande sak i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
30.9.2014	24	Orientering om arbeidet med økonomireglement i Stryn kommune

Fellesmøte med Hornindal kontrollutval

Kontrollutvala i Stryn og Hornindal hadde felles opplæring 19. september, med Knut Henning Grepstad som kurshaldar.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» vart sendt til kommunestyret 6.11.2014, og vart vedteken i sak KS-084/14 handsama 20.11.2014.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har også gjort undersøking av brutto driftsutgifter til tiltak per barn med tiltak, rapport datert 10.10.2014, vart handsama i kontrollutvalet 5.11.2014 sak 031/14.

Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet har fått orientering frå revisor i følgjande saker i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
7.4.2014	11	Orientering om revisjonsarbeidet
5.11.2014	32	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Kontrollutvalet tok eigenvurdering til oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune til orientering i møte 10.2.2014, sak 04/14.

Oppsummering

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

Underskrifter

Stryn, 23.1.2015

Rune Myklebust, leiar

Aud Jorunn Hool Egge

Otto Rune Vik

Rune Holen

Oddvar Bergset

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 005/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/390
---	-------------------------	-------------------------------

Møteplan 2015 for Stryn kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato 22.12.2014	Tittel Møteplan politiske utval 2015 Stryn kommune	Dok.ID 1153
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2015 for Stryn kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:

23. januar, 16. mars, 11. mai, 7. september og 16. november.

.

Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker.

Møteinncalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Nedanfor er det sett opp samla møteplan 2015 for kontrollutval, formannskap og kommunestyre i Stryn.

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	23		16		11				7		16	
FORMANNSKAP	21	25	18	15	6	18		26	16	15,28	18	2
KOMMUNESTYRE	29		26		21	25			24	22	26	17

Viser elles til vedlagde møteplan politiske utval 2015 for Stryn kommune.

SEKOM-sekretariat startar med møter og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette.



MØTEPLAN POLITISKE UTVAL 2015

UTVAL	Jan.	Feb	Mar.	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Formannskapet	21	25	18	15	6	18		26	16	15. og 28.	18	2
Kommunestyret	29		26		21	25			24	22	26	17
Skule-og kulturutvalet		3	10	28		2			1	27	10. og 24.	
Helse-og sosialutvalet		3	10	28		2			1	27	10. og 24.	
Sektorutval for tekniske saker		3	10	28		2			1	27	10. og 24.	

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 006/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/297
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 1- 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.2010	- Orientering frå rådmannen om drifta på dei ulike områda. - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre. - Revisor legg fram rapportar etter kvalitetskontrollar. - Revisjon orienterer om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon og generell orientering om revisjonsarbeidet ein til to gonger i året.
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement Stryn kommune	14.6.2012 15.6.2012 30.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. Sendt brev til kommunen. Sak 024/14 Orientering om arbeidet med økonomireglementet i Stryn kommune.
Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet.	10.2.2014 7.4.2014 8.4.2014 8.5.2014 9.5.2014 30.9.2014 1.10.2014 16.10.2014	Sak 06/14: Val av prosjekt. Sak 12/14: Tinga utreiing frå Kommunerevisjonen i Nordfjord E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 12/14. Sak 18/14: Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt. E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 18/14, og frist for framlegg til prosjektplan. Sak 023/14 Prosjektplan godkjendt. Levering i oktober. Vedtak sendt Kommunerevisjonen i Nordfjord Fekk tilsendt forvaltningsrevisjonsrapport frå revisor.

	5.11.2014	Sak 030/14 Vedtak: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet. Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.																		
	6.11.2014	Sendt Stryn kommune/kommunestyret.																		
	20.11.2014	KS -084/14 vedteke i kommunestyret.																		
025/14 Budsjett for kontrollutvalet i Stryn 2015	30.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11020:																		
		<table border="1"> <thead> <tr> <th>Konto</th><th></th><th>Budsjett 2015</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>108</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>33 000</td></tr> <tr> <td>109</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 500</td></tr> <tr> <td>116</td><td>Køyre godtgjersle</td><td>3 000</td></tr> <tr> <td>119</td><td>Kontingent</td><td>4 000</td></tr> <tr> <td></td><td>Sum drift</td><td>43 500</td></tr> </tbody> </table>	Konto		Budsjett 2015	108	Godtgjersle folkevalde	33 000	109	Arbeidsgjevaravgift	3 500	116	Køyre godtgjersle	3 000	119	Kontingent	4 000		Sum drift	43 500
Konto		Budsjett 2015																		
108	Godtgjersle folkevalde	33 000																		
109	Arbeidsgjevaravgift	3 500																		
116	Køyre godtgjersle	3 000																		
119	Kontingent	4 000																		
	Sum drift	43 500																		
	1.10.2014	Sendt Stryn kommune/kommunestyret.																		
	18.12.2014	Vedteke av kommunestyret sak 111/14																		
Nettbrett til kontrollutvalet	30.9.2014	Sak 027/14 Eventuelt: Rådmannen skal vurdere om kontrollutvalet kan ta i bruk nettbrett.																		
	1.10.2014	Sendt e-post til rådmannen om dette, og ba om tilbakemelding før neste møte 5. november.																		
	27.10.2014	Ny e-post der ein ber om tilbakemelding.																		
Forvaltningsrevisjons-prosjekt: Samhandlingsreforma - erfaringar	5.11.2014	Sak 034/14 Eventuelt, vedtak: Kontrollutvalet viser til Plan for forvaltningsrevisjon for Stryn kommune for perioden 2012-2015, og tingar som sitt neste prosjekt nr. 4. Samhandlingsreforma – erfaringar , frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kontrollutvalet ber Kommunerevisjonen i Nordfjord legge fram plan for forvaltningsrevisjon, Samhandlingsreforma – erfaringar , på møte 21.1.2015.																		
	6.11.2014	Sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord																		
	15.1.2015	Svar frå revisor om at planen vert klar i løpet av våren.																		

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 23.01.2015	Saksnr 007/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/43
---	----------------------	------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).